

Brei støtte bak kravet RV har stilt

Nordens Klippe vil ha med RV i valgsendingene

Se side 2 og baksida

BYGNING I GRENLAND: Mot NRK-sensur av RV

I likhet med Telefonsentralmontørenes Fagforening har

syn på å slippe Rød Valgalli-

valgsendingene

Stålverksgruppa ved Jernverket krever RV med i valgsendingene

SIDE 8

Kravet om lik rett til å delta i dei vanlege riksnett- og distriktssendingane for alle registrerte og godkjende parti som stiller liste i eit fleirtal av fylka, har fått brei støtte frå fagforeningar og klubbar. Innan 19. juni var det kome inn følgjande støttevedtak til dette kravet:

Klubbstyret, IFA/Malingfabrikk, Bergen,
Grenland Bygningsarbeiderforening, avd. 242,
Styret i Telefonsentralmontørane si forening, Oslo,
Styret i avd. 108/4 NTL,
Oslo Sporveisbetjenings forening,
Heismontørane si fagforening, Oslo,
Klubben v/Tollpost Oslo,
Tillitsmannsutvalet i Nordens Klippe, Kirkenes,
Mo Kjemiske Fagforening,
Representantskapet i Oslo Transportarbeiderforening,
NTL/avd. 108/12 i Tromsø,
Fagforeninga ved Tromsfisk,
Styret i Osloavdelinga av NOSO,
NOSO-avdelinga i Møre og Romsdal,
Bærum Sosiale Etaters Forening,
Sosiale Etaters Fagforening, gruppe 4, Oslo,
Stålverksgruppa i Mo i Rana,
Medlemsmøte i Det Norske Studentersamfund.

Fråsegn frå Grenland Bygningsarbeiderforening:

«Grenland Bygningsarbeiderforening avdeling 242 vil kreve at NRK reviderer sitt syn på å slippe Rød Valgallianse til i valgkampendinger i radio og TV. At et parti ikke er representert på Stortinget, er ingen grunn til å boikotte et parti i valgsendingene. NKP er heller ikke representert i Stortinget, likevel slipper NKP til i sendingene. Rød Valgallianse var med på valgsendingene før forrige valg. Hvorfor ikke nå? Det virker som om NRK legger opp til sensur etter tysk mønster. En slik sensur kan ikke tolereres av de fagorganiserte.

Med hilsen
Avdeling 242, Grenland
Bygningsarbeiderforening»

Fråsegn frå Stålverksgruppa i Mo i Rana gjev full støtte til kravet RV har reist og seier mellom anna: «Rød Valgallianse er i dag det ENESTE landsomfattende parti som stiller liste i alle fylke som er utelukka fra valgkampendingene. Dette kan bare karakteriseres som et angrep på ytringsfriheten og kan ikke tolereres. Frykter makthaverne at den politikken som RV står for skal bli kjent for folk?»...

Vedta protestar.
Samle mange underskrifter.

Sensuren mot Raud Valallianse er eit grovt åtak på ytringsfriheten og dei demokratiske rettane. Fagforeningar, klubbar, interesseorganisasjonar og alle progressive og demokratiske innstilte einskildpersonar må protestera mot.

Berre eit omfattande press på NRK-leiinga kan føra til at vedtaket om å utelukka RV blir omgjort. Mange protestvedtak og underskrifter bak kravet RV har stilt, er heilt avgjerande for å slå attende dette åtaket på ytringsfriheten.

Protestvedtaka må sendast til NRK v/Torolf Elster og til Raud Valallianse, Boks 211 Sentrum, Oslo 1. Løpesettlar og underskriftslistar kan tingast på den same adressa eller på tlf. (02) 35 22 50.

Raud Valallianse utestengt frå valprogramma i NRK:

EIT GROVT ÅTAK PÅ YTRINGSFRIDOMEN I NOREG

Raud Valallianse er einaste landsomfattane parti/organisasjon som stiller lister i alle fylke ved Stortingsvalet i haust, som er utestengt frå valprogramma i radio og TV. Dette er eit einestående åtak på ytringsfridomen i Noreg som fagforeiningar, klubbar, boligforeiningar, interesseorganisasjonar og alle progressive og demokratisk innstilte einskildpersonar må protestera mot.

Nye anti-demokratiske reglar i 1975

Ved Stortingsvalet i 1973, då Raud Valallianse stilte til val for første gong, deltok vi med same rettar som alle andre landsomfattande parti som stilte til val i eit fleirtal av fylka. Ved kommune og fylkestingsvalet i 1975 vedtok NRK nye retningslinjer som var skreddarsydd for å halda RV borte frå valsendingane. Dette blir klart vist ved

fylka, og som kan dokumentera ein landsomfattande organisasjon, skal ha lik demokratisk rett til å delta i dei vanlege riksnett- og distriktsendingane og utvida sendetid for lokale lister i valkampen. Dette kravet samsvarer med dei retningslinjene som gjaldt før Stortingsvalet i 1973.

Kvifor kjem desse åtaka no?

Kvifor endra det statlege kringkastingsmonopolet reglane et-



at kravet først var at partia skulle stilla lister i kommunar som dekkja ¼ av folkesetnaden. Då det synta seg at RV fylte dette kravet, vart retningslinjene endra ein gong til slik at «partia må ha vore representert på Stortinget i ein av dei to siste Stortingsperiodane». Slik var dei garantert mot at RV skulle få delta i valkampsendingane.

Støtt kravet mot innskrenking av ytringsfridomen

Raud Valallianse har reist krav om at alle registrerte og godkjende parti som stiller liste i eit fleirtal av

ter valet i 1973? Det er berre ei forklaring på dette. Klassekamp-lina har vunne stor framgang dei siste åra, m.a. dei mange streikane viser dette. Raud Valallianse går i brodden for å fremja denne lina og borgarskapet er livredd for den støtta politikken til RV får.

Ytringsmonopolet som Elster administrerer for staten, spelar ei svært viktig rolle i det valsirkuset som no skal stellast istand. Dersom RV blir halden utafor, blir det ingen som stiller DNA-regjeringa til ansvar for oljekatastrofen i Nordsjøen, kombioppgjjer og lønsned-

slag, salet av norske interesser i Barentshavet til det sosialimperialistiske Sovjet, at DNA-regjeringa sende store politistyrkar mot bryggearbeidarane osv. Det blir ingen som stiller SV til ansvar for sviket mot Linjegodsarbeidarane og alle dei andre streikande, for støtta til Sovjet i Angola, for sviket mot kravet om sjølvvald abort osv. Det blir ingen som avslører «NKP» som 110% Moskvatru, at «NKP» nektar for at Tsjekkoslovakia er okkupert av Sovjet, at «NKP» fell streikande i ryggen og oppmodar om å kasta streikekomiteen slik dei gjorde under Jøtulstreiken osv. Kort sagt så blir det ingen som avslører dei feite vallovnadene til dei borgarlege partia og stør arbeidsfolk sine krav, går mot både Sovjet og USA og all imperialism, og propaganderer for sosialismen.

NRK-leiinga bryt sine egne «prinsipp»

«NKP» var først utelukka frå valsendingane. Denne avgjerda blei endra etter interne og hemmelege drøftingar i Kringkastingsrådet. Grunngevinga for denne avgjerda, syner at det einaste prinsippet NRK-leiinga held fast på, er at Raud Valallianse skal haldast utanfor.

Ifølge dei konfidensielle referata frå desse møta var grunnen til at «NKP» skulle få sleppa til at «NKP» representerer en verdensomspennende ideologi». Det var Olav Brunvand som gjekk i brodden for dette synet og Reulf Steen «sluttet seg i ett og alt til det Brunvand hadde sagt». Halvor Hjertevik (Kristeleg Folkeparti) følgde opp med at «NKP er representant for en mektig internasjonal ideologi» og at det «kan skade vår anseelse i utlandet når det blir klart at NRK har stengt NKP ute fra sine valgsendinger».

Før vedtaket blei gjort sa Elster, som administrerer det statlege kringkastingsmonopolet, at «NKP» «ikke kunne komme med uten at vi skulle tøyte våre retningslinjer urimelig langt».

«NKP»-kampanja berre for å berga «NKP»

Kampanja «NKP» dreiv for å koma med i valsendingane vil vi ta avstand frå. Kravet deira var ikkje at alle parti som stiller liste i eit fleirtal av fylka skulle få delta. Derimot dreiv dei ei kampanje for at berre deira parti av dei som var ramma av retningslinjene, skulle få koma med i valprogramma. Dette var ikkje ein kampanje for demokrati og ytringsfridom, men ei opportunistisk og sjåvinistisk kampanje.